Referat FAU 4.11.26

Tilstades: Britt Elise, Linnea, Lise, Brit Grete, Silje, rektor Marianne
Meldt fråvær: Katrine, Ingrid

Referent: Brit Grete
Ordstyrar: Britt Elise

Sak 1 - trafikksituasjon
Brit Grete sender skrivet til klassekontaktane. Me kopierer fjorårets opplegg.
Evt purring via Unn

Sak 2 - SU
Det møtte litt få. Informasjonsmøte mellom representanranre.

Sak 3 - Skuleruta
Siste skuledag før jul er ein måndag. GUS og Ålgård skole er dei einaste som har skule denne dagen i kommunen. Det har vore litt forsøk på å flytte denne, eks. arrangere elevkveld, men lite tid igjen. Konklusjonen er at me held oss til den opphavelege skuleruta, siste skuledag måndag 21. SFO ope måndag, tysdag, onsdag.

Sak 4 - Symjehall
Rektor informerte: Hallen vil vera stengd ut skuleåret. Og kanskje lenger. Dei som har mista mykje symjing, vil bli prioriterte når hallen opnar.
Ei mor har i mail til FAU etterlyst svar på korleis elevane i 3. og 4. vil nå kompetansemåla etter 4.trinn.
Rektors svar: Me må sjå an. Desse vil prioriteres.
Kommunalt FAU må også lage plan, samkjøre i kommunen: Linnea og Britt Elise

Sak 5 - Nasjonale prøvar
Rektor informerer: Høg score i engelsk, ca på snittet i matematikk og lesing.

Sak 6 - Kommunebudsjettet
Det er sett av pengar til planlegging av ombygging i 2028. I 2029 er det sett av pengar til ombygginga. Me satsar på at denne innstillinga blir vedteken i kommunestyret. Det blir også ein omkamp om “sløydpengane” som blei gitt til Smiå.

Sak 7 - Kommunalt FAU
Britt Elise og Linnea refererer frå førre møte: Det blei diskutert at Chromebook ikkje treng sendast heim på barnetrinn, evt berre når dei skal ha lekse. El-sparkesykkel-situasjonen på GUS blei tatt opp. Foreldre på alle skular bes stille som natteravnar (foreldre på GUS er allereie inviterte). Ønske om å hente inn Cecilie Evertsen til foreldremøte i kommunen til våren. Ønske om bevisst bruk av skjerm under måltid i skulane.

Sak 8 - FAU-møte framover
Neste FAU-møte blir tysdag 5. januar kl.18.
Deretter onsdag 3.februar kl.18, tysdag 16.mars kl.18, onsdag 14.april kl.18.